

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teatersalen, inngang Bergen rådhus

Dato: 11. februar 2026

Klokkeslett: 09.00-11.15

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 4. februar 2026

DAGSORDEN	1
Saksliste byvekstavtalen.....	1
Sak 1/26 Godkjenning av innkalling og saksliste	1
Sak 2/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 13.06.2025	2
Sak 3/25 Informasjon om handlingsprogramprosessen 2027-2029	2
Sak 4/26 Nytt anslag Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop.....	2
Sak 5/26 Kommunikasjon i Miljøløftet: Aktivitetsplan 2026.....	3
Sak 6/26 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet.....	3
Sak 7/26 Orientering om trafiksikkerheit	3
Sak 8/26 Orientering om landsdelskartleggjing i samband med NTP (2029-2040)	3
Sak 8/25 Eventuelt, byvekstavtalen	4
Saksliste bypakke Bergen	4
Sak 75/25 Eventuelt, bypakke Bergen.....	4

Saksliste byvekstavtalen

Sak 1/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 2/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 10.11.2025 og 12.12 2025

Sjå vedlegg 1 og 1b

Vedlegg 1 er utkast til referat frå styringsgruppa sitt møte 12.12.2025.

Vedlegg 1b er korrigert utkast til referat frå styringsgruppa sitt møte 10.11.2025. Teksten som er endra i referatet går fram på side 4 i referatet (Funksjonen «spor endringar» er nytta).

Forslag til vedtak: Vedlagte referat frå møta i styringsgruppa 10.11.2025 og 12.12.2025 er godkjente.

Sak 3/25 Informasjon om handlingsprogramprosessen 2027-2029

Sjå vedlegg 2

Saka er ei orienteringssak om handlingsprogramprosessen 2027-2029 og innspel til statsbudsjett 2027. Sekretariatet vil orientere om samla kostnad for prosjekta, og handlingsrom for dei ulike finansieringskjeldene.

Prioriteringsrådet skal i sitt møte i februar drøfte prosjekt og utarbeide forslag til handlingsprogram. Forslaget blir lagt fram for styringsgruppa i marsmøtet der styringsgruppa skal vedta handlingsprogram 2027-2029.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Styringsgruppa sluttar seg til vidare prosess for HP 27-29.

Sak 4/26 Nytt anslag Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop

Sjå vedlegg 3

Statens vegvesen er klar for å sende reguleringsplan for delstrekning 3A til sluttbehandling og vedtak i Bergen kommune. Det er laga nytt kostnadsoverslag som viser vesentleg auka kostnad, samanlikna med tala frå handlingsprogram 2026-2029. I saka gjer Statens vegvesen greie for det nye kostnadsoverslaget og skisserer eit mogeleg løp der ein etter planfasen arbeider vidare med ei nedskalert løysing på deler av strekninga som eit byggeprosjekt aktuelt for seinare rulleringar av handlingsprogrammet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at reguleringsplan for Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop vert sendt til Bergen kommune for sluttbehandling med oppdatert kostnadsoverslag på 468 mill. 2024-kr inkludert plankostnader.

Statens vegvesen arbeide vidare med prosjektoptimalisering av ein nedskalert løysing som skissert i dette notatet som eit mogeleg utbyggingsprosjekt på sykkelstamvegen mellom Nesttun og Hop.

Sak 5/26 Kommunikasjon i Miljøløftet: Aktivitetsplan 2026

Sjå vedlegg 4 og 4a

I [byutgreinga](#) som ligg til grunn for gjeldande avtale i Miljøløftet blei det lagt vekt på at «harde tiltak» skulle bli supplert med ei brei og lokalt tilpassa satsing på god kommunikasjon og haldningsskapande «mjuke tiltak».

Kommunikasjon har vore ein etablert del av sekretariatet i Miljøløftet sitt arbeid og sekretariatet legg med dette fram forslag til aktivitetsplan for 2026 (sjå vedlegg 4). I saka gjer vi også nærare greie for bakgrunnen for kommunikasjonsarbeidet og korleis vi arbeider for å evaluere og utvikle kommunikasjonstiltaka vidare (vedlegg 4 a).

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 6/26 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet

Sjå vedlegg 5 og 5a

Årleg blir det gjennomført ei spørjeundersøking om kjennskap og haldningar til Miljøløftet og andre relaterte emne. Resultata frå 2025 er no klare. Sekretariatet presenterer resultata i møtet.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 7/26 Orientering om trafikksikkerheit

Byvekstavtalen har som mål at tiltak i avtalen ikkje skal føra til fleire hardt skadde og drepne i trafikken, i tråd med nullvisjonen. Det er òg venta at trafikksikkerheit vil få sterkare fokus i nye og reforhandla byvekstavtalar. Statens vegvesen ser at vi etter ein periode med reduksjon i talet hardt skadde og drepne, no er i en fase der ulukker og talet hardt skadde og drepne i trafikken er aukande, spesielt i byområda. Som følgje av dette ønskjer Statens vegvesen å ta initiativ til å setje trafikksikkerheit på dagsorden i byvekstavtalene. Avdelingsdirektør Guro Ranes i Statens vegvesen er invitert til å fortelje om nullvisjonen og trafikksikkerheitsutviklinga.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 8/26 Orientering om landsdelskartleggjing i samband med NTP (2029-2040)

Vedlegg 6

Det er starta opp eit arbeid med å kartleggje utfordringsbiletet og mobilitetsbehov i landsdelane slik at neste NTP (2029-2040) kan møte desse. I samband med kartlegginga har det blitt det invitert til deltaking i digital workshop og til å gje skriftlege innspel. Det er lagt opp til at den største kommunen, dvs. Bergen kommune, samordnar deltakinga og

uttalen frå kommunane i Miljøløftet. Byutgreiinga vil også bli lagt til grunn arbeidet. Statens vegvesen vil informere i møtet.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 8/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 75/25 Eventuelt, bypakke Bergen